

## VEDLEGG 1

### INNSPEL Å ARBEIDA VIDARE MED

Liste tek føre seg konkret innspel og ein liten kommentar frå den politiske styringsgruppa si vurdering på bakgrunn av ynskjer og vurderinga i gjennomført KU- og ROS-analyse. Talet til kvart innspel referera til journalpost i kommunen sitt arkivsystem, dermed er ikkje tal i fast stigande rekkefylgje.

NR.	NAMN INNSPEL	KOMMENTAR
7 b)	Alpinområde frå Maurset til Gryteherga	Ingen endring frå gjeldande KPA.  Kommunen vil ivareta gjeldande regulert område til idrettsføremålet mellom Maurset og Gryteherga i ny KPA.
14	Sti Måbø-Måbøgaldrande-Måbøberget	Ingen endring frå gjeldande KPA.  Stien er vurdert ivareteke via LNF-arealføremålet. Gruppa les ikkje at det er ynskje om vidare utvikling av området i ljøs av turistverksemd, dermed kan området liggja slik som det er i dag. Det er ikkje opna for andre tiltak som råkar med området.
15	Bustad og hyttefelt Bu (gbnr. 1/4)	Styringsgruppa ser verdi i å tilretteleggja for bustad og nokre verksemd på Bu. Innspelet vil verta arbeida vidare med, dog er det ikkje avkart kva skala ein landar på.
16	Bustadområde Bu (gbnr. 1/8)	Styringsgruppa ser verdi i å tilretteleggja for bustad og nokre verksemd på Bu. Innspelet vil verta arbeida vidare med, dog er det ikkje avkart kva skala ein landar på.
20	Deling av eigedom Fossatromma (gbnr. 21/8)	Det er ynskje om at kommunen gjer unntak for å dela i frå ein parsell frå eigedom gbnr. 21/8. Området er regulert til LNF, då med utgangspunkt i at frådeling ikkje er lov. Området skal ikkje omregulerast. Innspelet handlar om ein tinglyst, realisert rett. Det vart føreslått å opna for deling av eigdommen til uendra bruk i føresegna.
30	Omregulering til næring Menes (gbnr. 4/124)	Arealet på Menes er i reguleringsplan regulert til småbåtanlegg i sjø og vassdrag. Føremålet er knytt til mindre anlegg for privat bruk, utan eige driftsselskap. Det er ynskjeleg å nytta området meir kommersielt, dermed regulera området i tråd med aktivitet. Området vert regulert til passende føremål for å styrka næringsverksemd knytt til sjø (næring/småbåthamn/sjørelatert næring). Vil vera ein forlenging av småbåthamnaktiviteten.
31	Utviding fritidsbustadfelt Solbakken (gbnr. 21/4)	Området aust for dagens regulerte fritidsbustadfelt Solbakken kan vurderast omregulert delvis til fritidsbustadføremål. Styringsgruppa peiker på at det og er vitkig å ivareta ein grøn korridor i området.
46	Endring av føremål kring Ingrid's apartments (gbnr. 4/53)	Det er spelt inn ynskje om å utvida det kombinert føremålet til Ingrid's apartment som ligg i gjeldande reguleringsplan, samt opna for parkeringsareal. Området vert i overordna plan regulert til generelt sentrumsføremål, som må detaljregulerast ved eventuelle tiltak.  Det er valt å trekka opp VA-føremål (vann- og avlaupsanlegg) i KPA for å understreka behov for VA-areal i sentrum. Parkeringsareal blir difor ikkje teke inn.
49	Utviding løypenett Sysendalen	Ingen endring frå gjeldande KPA.  Teke vidare til arbeid med sti- og løypeplan. Sti- og løypenettet vert rettsleg bindande gjennom føresegner til kommunen sin til ein kvar tid gjeldande sti- og løypeplan.
51	Offentleg parkering Høel (gbnr. 20/1)	Ingen endring frå gjeldande KPA.

		Arealføremål er handtert i reguleringsplan, ikkje behov å handtera i KPA. Krevjer ein privatrettsleg avtale som ikkje kjem under reguleringsplanarbeidet.
56	Omrregulering til næring/turistføremål (gbnr. 21/1)	I gjeldande reguleringsplan er avmerka areal regulert til bustad. Innspelet handler om å omregulera arealet til næring/turistføremål i tråd med omliggande områder.  Ved eventuelle tiltak på arealet vil det krevja detaljregulering grunna nytt føremål i overordna planverk.
60	Høgdebasseng til snøkanon i idrettsføremål/skianlegg Eidfjord Resort (gbnr. 19/1)	Ingen endring frå gjeldande KPA.  Gjeldande arealføremål idrettsområde/skianlegg stettar etableringa av eit anlegg for snøproduksjon og nausynt infrastruktur. Det er ikkje naudsynt med endring av arealføremål.
64	Fylling i sjø Hereidsvika til bustadføremål (gbnr. 25/174)	Innspelet om å fylla ut eit avgrensa areal i sjø i Hereidsvika for å etablere bustadmasse. Innspelet om å auka arealet i Hereidsvika vil verta arbeida vidare med, ein vil vurdera kva bruk arealet bør stetta. Styringsgruppa legg vekt på at området bør ha ein allmenn karakter kor ein ivaretek tilkomst til sjø.
73	Kombinert føremål bustad/fritidsbustad/næring Garen (gbnr. 18/5)	I gjeldande reguleringsplan er avmerka areal regulert til bustad, kommunedelplanen opnar for kombinert bustad/fritidsbustad. Innspelet handler om å innlemma næring som mulig føremål. Styringsgruppa er positiv til ny næringsverksemd i Sysendalen, i nærleik av eksisterande tilbod. Innspelet vert arbeida vidare med.  Ved eventuelle tiltak på arealet i strid med gjeldande reguleringsplan vil det krevja detaljregulering grunna nytt føremål i overordna planverk.
76 b	Næringsområde Fosslisør	Ein vil arbeida vidare med innspel om å opna for næring sør for ikonpunkt-parkering på Fosslisør. Området er ein turistmagnet, tilrettelegging av næringsverksemd kan auka verdiskapinga i området.  Kommuneplanen vil i så måte vera i strid med gjeldande reguleringsplan for området. Dette vil gje krav om detaljregulering av arealet ved eventuelle tiltak.

OBS. Ved endring av arealføremål vil kommuneplanen i så måte vera i strid med gjeldande reguleringsplan for området. Dersom arealføremålet vert endra, vil det gje krav om detaljregulering av arealet ved eventuelle tiltak.